



DEN NORSKE KYRKJA

Bjergvin bispedømeråd

Fornyings- administrasjons- og kirke departementet
Postboks 8004 Dep.
0030 OSLO

Dato: 14.10.2013

Vår ref: 13/196-4 JOF

Dykkar ref:

Høring - tjenestebolig- og bopliktordningen for prestene

Bjergvin bispedømeråd handsama i møte 18. september 2013 sak 061/13: «Høring - tjenestebolig- og bopliktordningen for prestene»: Bjergvin bispedømeråd sitt vedtak lyder:

1. Bjergvin bispedømeråd kan ikkje støtte ei omlegging av dagens bustadordning utan at den blir erstatta med tilsvarende økonomiske verkemiddel.
2. Med bakgrunn i rekrutteringsbehov er det truleg underkommunisert i utgreinga at det framleis vil vera behov for å stilla eit tal rimelege husvære til disposisjon i ein del prosti i utkantane. Der det er endringar i bopliktordninga vil det bli naudsynt med omfattande kompensasjonsordningar. Likeeins bør ein for dei største byane vurdere eit mindre tal tenestebustader der prisnivået er høgast. Det vil truleg vera nødvendig for å for å rekruttera yngre søkjarar.
3. Vi har elles sans for at ein del kulturhistorisk viktige prestebustader blir tatt godt vare på ved at dei er i kyrkjeleg bruk framfor å bli seld på den opne marknaden. Vi legg vekt på at ei ordning med kulturhistoriske bustader synleggjer banda mellom kyrkje og folk. Bustadene minner om historiske røter og får samstundes fram at presten også i dag er ein offentlig person. Med eit samla tal mellom 100 og 150 kulturhistoriske bustader vil ordninga også fungera som eit alternativ for søkjarar som har høve til eller vil prioritera å bu i tenestebustad

Saka vart handsama med bakgrunn i eit saksframlegg frå administrasjonen, sjå vedlegg. Dette hadde også vore drøfta i prostemøte 10. september 2013 sak 38/13. Innspel frå prostemøtet blei forsøkt tatt inn i saksframlegget. Saka er kompleks, og har mange sider. Saksframlegget synleggjer dette, men sidan ein også har trekt inn innspel frå prostemøte, kan dokumentet på nokre felt motsei seg sjølv. Sakskomplekset i seg sjølv inneheld faren for sjølvmotseiing. Det å vere bekymra for rekruttering i distrikta om bustadordninga fell, heng delvis saman med boplikt, men ikkje naudsynt. Det heng like mykje saman med i kva grad ein får erstatta ordninga med andre verkemiddel, til dømes økonomiske. Tryggleik på dette området vil vere viktig for å få til gode endringar som varetek rekruttering av prestar til alle sokn i ei landsdekkjande kyrkje.

Med helsing

Jan Ove Fjelltyeit
Stiftsdirektør e.f.
Direkte innval: 5530 6474

Råd	Møtedato	Utvalgsak	Arkivsak
Bjørgvin bispedømeråd	18.09.2013	61/13	13/196

	Nei	Ja
<i>Framlegg om at saka vert handsama for lukka dører i medhald av § 3 i reglar om formene for bispedømerådet si verksemd.</i>	X	

Sakshandsamar: stiftsdirektør

Saksordførar: Ingmar Ljones

Dato for administrasjonen si sluttbehandling av saka:

Høring - tjenestebolig- og bopliktordningen for prestene

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
27.05.2013	Høring - tjenestebolig- og bopliktordningen for prestene	40395
12.09.2013	Høringsnotat	40396

Saksutgreiing:

I departementet sitt høyringsnotat av 21.mai 2013 er hovudspørsmålet «om ordninga med tenestebustad og buplikt for prestane fortsatt er formålstenleg».

Når ordninga med tenestebustad for prestar skal drøftast, må vi først sjå på ulike grunngevingar for å ha ei slik ordning. Dernest må ein drøfte i kva grad det er naudsynt at ordninga krev buplikt.

I departementet sitt skriv peikar ein særskilt på tre vurderingar som ligg til grunn.

1. Krav til kor presten bur er endra eller svekka i og med endringane i tenestestad som følgjer tenesteordninga. 2. Rekruttering er fortsatt eit relevant omsyn å ta når ein drøftar bustadordning. 3. Ei generell buplikt er ikkje lenger formålstenleg.

Langt på veg vil Bjørgvin bispedømeråd følgje vurderingane til departementet. Omsynet til rekruttering vil vege tyngst, men bispedømerådet vil vere oppteken av at ei endring ikkje svekker dei verkemiddel som kan sikre god rekruttering til alle delar av bispedømet. Ein støtter ei meir målstyrt bruk av dei midlane som i dag blir brukt til bustadordning. Bispedømerådet vil berre tilrå ei slik endring om ei er sikker på midlane i OVF blir vidareført etter intensjonen i grunnloven § 106.

Saka har vore drøfta i prostemøte 10. september 2013. Prostane var særleg bekymra for distrikta, og meir kritisk til ei avvikling enn det administrasjonen la fram. Dett er difor tatt inn i det korrigererte utkastet som bispedømerådet har til møte 18. september 2013.

Rekruttering

I Bjørgvin bispedøme er det i mange sokn utfordrande å rekruttere prest. Bustad er eit viktig verkemiddel i rekrutteringsarbeidet. Bildet er likevel ikkje eintydig.

Dei siste åra har dei fleste søknadene om fritak frå buplikta kome frå distriktsprestar. Prestar søker mot område der dei har tilknytning, og det vil då for mange vere meir attraktiv å kunne bu i eige bustad enn i tenestebustad. Det å eige eigen bustad er viktig i norsk kultur. Det handlar om tryggleik økonomisk, om tilhøyrse, stabilitet og tryggleik for familien, og om å kunne ta eigne val med omsyn til livskvalitetar som ligg i bustaden.

I områder der rekrutteringa fungerer og det er eit godt bustadmarknad, er det ikkje sikkert at tenestebustad er verken naudsynt eller formålstenleg – sett opp mot rekruttering. Skal ein tenestebustad vere rekrutterande, må den holde høg nok standard. Viss bustaden skal gje status eller tilhøyrse som «prestebustad» så stiller det krav til bustaden. Her vil eit hus med god standard og kulturhistorisk verdi kunne vere rekrutterande, sjølv med buplikt. Men det er ikkje naudsynt med bustad til alle stillingar, og talet vil kunne variere frå prosti til prosti. Dette gjeld særleg bynære stork, eller stork med tilflytting.

I nokre kommunar, særleg bykommunar, er prestebustaden ein del av ein større portefølje, og då kan standard, plassering og kvalitet vere varierende. Det at prestar med dårlege erfaringar med bustadordninga har søkt seg ut av kyrkjelege stillingar høyrer og med i biletet når ein skal sjå på rekruttering. Å avskaffe dei dårlege bustadene, og opne for fleire stillingar utan buplikt vil også ha ei rekrutterande side som høyrer med i vurderingane. Det blir ofte peika på mobilitet, men det kan, i alle fall mange stader, vere enklare å bytte stilling, om ein ikkje samstundes òg må bytte bustad, som betyr å bryte opp for ein heil familie.

Tilbod om bustad vil oftast vere viktig ved tilflytting til ein ny stad, og når ein er i etableringsfasen som nyutdanna. I andre samanhengar har ein nytta tilbod om bustad som verkemiddel, men då ofte med eit åremål og gradvis auke i husleige. Til dømes vil mange etter tre til fem år ønske anten å etablere seg eller flytte. Det kan og peikast på at nokre arbeidsgjevarar gjev rimelige vilkår på lån, eller leiger inn bustad på subsidierte vilkår. Det bør vurderast om det ikkje var enklare både for OVF og bispedøma å ha ei låneordning, enn å administrere ei for stor bustadmasse med leigekontraktar opp mot eksterne tredjepartar?

Nokre stader vil det ikkje vere eit fungerande bustadmarknad, og det må lagast eigne tiltak for desse områda. I nokon grad vil dette òg gjelde pressområda, men vi vil meine at verkemidla må kunne vere differensierte. I distrikta vil det nokre stader vere naudsynt at arbeidsgjevar har tilbod om ein konkret bustad til søkar. Dette vil særleg gjelde der det er få bustader til sal, og der geografi tilseier at bustaden må vere nær soknet. I pressområda kan ein sjå for seg at økonomiske verkemiddel kan være ei løysing. Eller at det er eit avgrensa tal på bustader i prostiet. Det blir peika på at særleg yngre søkarar vil kunne ende opp som pendlarar i større grad enn ønskjeleg fordi pris på bustad er høg innan sjølve prostiet. Dette biletet har ein alt i dag, og ikkje berre for yngre søkarar. Dette handlar om livsfase og familiesituasjon. Dei som kan klare seg med mindre leilegheiter vil lettare kunna kjøpe i pressområda, enn dei som vil ha stor villa med dobbelgarasje. Slik er det for alle yrkesgrupper. I den grad det skulle bli for store vanskar med å rekruttere i pressområda, må dette handsamast langs same kriterier som i andre områder med rekrutteringsvanskar. Verkemiddela må være slik at arbeidsgjevar har handlingsrom til å styre etter endringane som det vil vere i eit slikt bilete.

Om ein einseitig held fast på rekrutteringsomsynet i bustadspørsmålet, så er det og viktig å peike på at det kan vere like aktuelt å ha reine økonomiske verkemiddel styrt av arbeidsgjevar, som ei bustadordning styrt av ein tredjepart. Eit viktig problem med dagens ordning er at arbeidsgjevar ikkje eig verkemidla. OVF og kommunane er ein tredje part. Det betyr og at økonomien føler andre linjer enn dei arbeidsgjevar rår over. Om ein tek bort pålegget med at kommunane skal måtte kunne stille bustad, må det følgje ein reell endring i pengestraumen. Ei endring kan ikkje vere slik at kommunane og OVF slepp dagens forpliktingar, utan at dette blir kompensert. Staten må sikre at handlingsrommet til bispedøma ikkje blir redusert. Rekrutteringssituasjonen vil elles kunne bli svært kritisk.

Prest i lokalsamfunnet

Det har vore argumentert teologisk for at det er viktig at presten skal bu i soknet, når ein har argumentert for buplikt. I Bjørgvin bispedøme har det vore ein grunntanke at soknepresten skal bu i soknet, og for kapellanar har kravet vore redusert til at bustaden må ligge innanfor prostiet.

Ved å ta bort buplikta, vil ein ikkje kunne forvente at presten bur i soknet, og heller ikkje i prostiet. Dette rører ved forholdet mellom kyrkjelyden og prest. Dette er samstundes ganske vanleg for alle andre tilsette i soknet. Det er ikkje uvanleg at andre yrkesgrupper som til dømes lensmann, lækjarar eller lærarane, vel å bu ein annan stad enn der dei arbeider, nettopp for å få eit skilje mellom arbeid og fritid. Dagens presteteneste har og endra karakter, med betre skilje mellom arbeid og fritid. Dette gjeld særleg i byane, men og i distrikta. Det gir nokre nye utfordringar, til dømes kan arbeidsplanar blir styrt av dei tilsette sine ønske om redusert reisetid, framfor kyrkjelydens behov. Denne utfordringa har ein alt i dag, og det er naudsynt å ta problemstillinga på alvor uavhengig av buplikt eller ikkje.

Dette vedkjem og andre forhold som til dømes køyregodtgjersle. Bjørgvin bispedøme har allereie hatt ei opprydding på dette. Her ligg det skjulte potensielle kostnader, både for prest og arbeidsgjevar. Her kan ein ikkje få i både pose og sekk. Buplikt heimlar nokre fordelar, som fell med ordninga. Reisetid, delt dagsverk, styring av arbeidsplanar er andre spørsmål som blir aktualisert. Dette er utfordringar som kan løysast, men det vil krevje endring av kultur rundt desse områda.

Viss det er kyrkja sitt krav at presten skal bu i soknet, må soknet/kyrkja ta ansvaret for at dette kan skje. Det er vårt inntrykk at mange prestar og argumenterer for bupliktordninga ut frå omsynet til soknet, framfor omsynet til presten eller prestens familie. I nokre høve er koplinga rett fordi prestetenesta er spesiell. Samstundes kan det spørjast om det gjev ei usunn kopling, om det å være prest er så «spesielt». I distrikta er dette meir synleg enn i byane. Det folkekyrkjelege bandet som ligg i «vår kyrkje» og «vår prest» skal ein ikkje undervurdere. Bustadadresse er ikkje avgjerande på koplinga «vår prest», men er med å forsterke dette.

Å forvalte ei bustadordning har vist seg krevjande. Ordninga kan bli ein slitasje som påverkar både tenesta og forholdet til arbeidsgjevar. Og slitasjen kan røre ved svært ulike områder som ikkje det er lett for arbeidsgjevar å ta grep i forhold til, og som stikk djupare enn konkrete problemstillingar ved sjølve bustaden. Det rører seg ved til dømes tryggleik for familiens framtid om noko hender presten, eller å måtte bryte opp med heile familien, grunna jobbskifte, og så bortetter. Det handlar og om ulike forventningar til standard på bustad, og om dei små ting i kvardagen som blir slitasje om dei ikkje blir teke tak i.

I nokre høve vil distriktpolitiske forhold være argument for buplikt for presten. Det kan ikkje vere slik at det at bustaden ligg i ei konkret bygd, blir viktigare enn kva som tener kyrkjelydsarbeidet i stort. I kva grad det er prestane si oppgåve å ivertaka «kulturhistoriske bygg» er vi spørjande til. I nokre høve vil dette vere mogleg å kombinere med «ein tenleg

bustad», og då er det vinn vinn. I den grad det blir viktigare å ta vare på huset enn å sjå kva som er tenleg for prestetenesta, må prestetenesta ha fortrinn.

Økonomisk sider

For kyrkja er det viktig at økonomien som i dag ligg innbakt i bustadordninga ikkje blir svekka. I kort kan ein peike på at det ligg inne rundt 80.000 kroner per stilling med bustad i dag, eller 60.000 per stilling om ei reknar at 25 % ikkje har bustad. For Bjørgvin vil det tilseie om lag ti millionar som kunne vore forvalta meir målstyrt i forhold til rekruttering, enn å berre tenke bustadordning. Det vanskelege i å endre dagens ordning er at ordninga er ei tenesteyting, som ved bortfall gjev kostnadsreduksjon for tredjepart, mens bispedøma og prestetenesta kan bli råka av dårlegare vilkår. Sjølv om vi vil argumentere for å endre ordninga, så gjer vi det under føresetnad av at vilkåra ikkje blir svekka for bispedøma.

Vi har og peika på at det er viktig òg å sjå på forvaltning av køyregodtgjersle. Dagens ordning gjev rett til å få dekt inntil 20 km til arbeidsstad, om du bur utanfor soknet. I snitt har kvar prest om lag 130 tenester som dei då kan få dekt 40 km reise til, ut over om dei bur i soknet. Dette vil totalt kunne bety ei auka kostnad på kroner 21000 per prest. Då er ikkje bompengar rekna inn. Dette kan i særskilte tilfelle være på over 10000 kroner, men til dømes i Bergen vil dette kunne utgjere 3000 kroner per prest. Vi opplever at departementet i dei dialogane vi har hatt på dette undervurderer kostnadsbildet som ligg her. Om ein får ei auke på 100 av våre stillingar i storleiken 10-20000, så utgjør dette éin til to millionar per år, ut over det vi brukar i dag. Då har vi lagt til grunn vår eigen innstramming som praksis. Ved meir liberal praksis kan dette auke ytterlegare. Innsparing ved å redusere krav om bustad kjem kommunane og OVF til gode. Vi vil i tillegg peike på at noko av kostnadsbildet vil kunne bli indirekte og direkte flytta over på bispedømerådet.

Ordninga har og ei økonomisk side for arbeidstakersida. Den ordninga ein har i dag, er både god og dårleg for prestane. Dette er ein av årsakene til at innstillinga har vore delt når ordninga har vore oppe til høyring i presteskapet. Ordninga er gunstig i etableringsfasen, og særleg god for dei som bur i en god tenestebustad og har gode utleige inntekter. Skattereglane gjer at det er meir gunstig å gå frå eige bustad og inn i ordninga, enn om ein er i trufast mot ordninga heile sitt yrkesaktive liv. Oppmjuking av låneordninga i Statens pensjonskasse har betra moglegheitene for å etablere seg med bustad mens ein er i teneste, men også her har ordninga vore i favør dei som bur i egen bustad ein del av tenesta. Å forvalte utleige er og lettast rundt dei større byane. I den grad ordninga skal styrke rekruttering i distrikta, så er det altså fleire sider i dagens ordning som indirekte gjer det motsette.

Over ein ti års periode vil eit anslag på forskjellen på verdistigning ved å eige eigen bustad og å leige vere rundt ein halv million til to millionar, alt etter rentekostnadar og verdistigning. Det vil difor vere avgjerande for ein prest med buplikt å kjøpe bustad, anten til utleige eller som fritidseigedom, for å ha økonomi til å etablere seg. I dette er det samstundes viktig å sjå at dette har hatt nokre skattemessige og verdistigningsmessige risikomoment ved seg. Det er lett i retrospektiv å sjå kva som har vore god forvaltning. Dei som opplevde prisfall på slutten av åttitalet, og blei sittande i gjeldsfeller, har ein annan historie enn dei som har investert i oppgang.

Husleiga er låg, men ved 6 % rente er det likevel same kostnad som å låne rundt ein million, eller halvanne million ved rentefot på rund 4 %. Då er skattetrekket tatt med. Det betyr at for mange vil differansen opp til å eige sjølv ikkje være så stor, i kostnad. I tillegg vil mange oppleve å spare strøm, men litt forenkla går det opp mot det ein må betale i kommunale avgifter. Tar ein med verdiauke på 3- 8 % ved å eige, så er det klart mest gunstig å eige.

Sjølvs for ein prest som flyttar til ei bygd, og kjøper ein bustad med lån på halvannen million, og 4 % rente, så kan ho selje etter ti år, utan verdiauke og kome likt ut med dagen ordning.

Det vanskelege er at ordninga både har ulemper og fordelar. Den er kopla mot prestane sitt arbeidsforhold, og er tenkt som ein del av kompensasjonane ved å vere prest. Ordninga er utgått på dato i eit moderne arbeidsliv. Reine økonomiske transaksjonar mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar er enklare å forvalte, både praktisk og psykologisk. Det er ytterlegare kompliserande at andre instansar som sokn, lokalmiljø og bortetter har og aksjar i sjølve spørsmålet om «prestebustaden».

Departementet si høring legg opp til ei mellomløyning. Vi vil spørje om det ikkje er betre å ta skrittet heilt ut, og ha bustadordning som naudprinsipp. Det er uklart kva økonomiske konsekvensar ei mellomløyning vil ha på sikt. Mellom anna vil spørsmål om skatt vere uavklart, om ein lempar på buplikta. Det positive vil vere at ein kan ha færre bustader med betre standard. For Bjørgvin sitt vedkommande vil dette likevel vere slik at svært mange distriktsokn vil trenge ei bustadordning for å kunne rekruttere prest. Vi vil og peike på at mobiliteten i presteskapa er ikkje stor i dagens ordning, og den er knytt til livsfasar. Utan tenestebustad kan mobilitet internt i prostia vere lettare. Dette kan vere eit gode, men vil og gje nye utfordringar i forhold til mobilitet mellom prostia. Det å få prestar i bynære strøk til å søkje seg til distrikta, handlar meir om kva ein kan tilby i distrikta, enn kva ein har frå før. Viss ein eig eigen bustad, kan ein leige denne ut om ein for ein periode søker seg til andre stader. Tenestebustad i bynære strøk hjelper berre i liten grad på å auke mobiliteten mot distrikta. Gode tenestebustader i distrikta kan gje eit betre rekrutteringsverkemiddel, kanskje særleg opp mot yngre prestar eller eldre prestar som vil ha eit skifte for ei tid.

I ei endring er det viktig at ein ikkje endre OVF sitt formål forankra i Grunnloven §106 om at fondets inntekter skal «blot anvendes til Geistlighedens Beste og Oplysningens Fremme.» Målsettinga om å ta vare på kulturhistoriske bygningar, i seg sjølv, vil vi meine ligg utanfor grunnlovens formål. Der dette kan kombinerast med tenleg bustad for presten, er dette vinn – vinn, men det førande prinsipp må vere kva som er tenleg med blick på å rekruttere prestar.

Når Bjørgvin bispedømeråd ikkje tilrå ei avvikling av ordninga, handlar det mest om at vi ikkje har tilstrekkelig tryggleik for at ein realistisk kan få til ei endring der bispedømeråda får erstatta verdien av bustadordning i form av økonomiske verkemiddel. Ein har argumentert for at ei avvikling vil ha mange fordelar, men at omsynet til sokna, og til rekruttering vil vege tungt. Særleg vil ei avvikling vere kritisk for distrikta.

Bjørgvin bispedømeråd vil også peike på at saka har skattemessige spørsmål som er uavklart. Dette er knytt til uro for ei ytterlegare endring kan føre til at skattefritaket som ligg i buplikt, fell, med dei auka omkostningar det kan medføre. Betre skattereglar knytt til å kunne skaffe eige bustad for dei som har buplikt, villa ha styrkt ordninga slik den er i dag.

Bjørgvin bispedømeråd vil også peike på at om dagens ordning skal kunne vere berekraftig, så vil det vere naudsynt med ein kritisk vurdering på fleire områder i ordninga. Dette kunne til dømes vere strammare kriterier, satt av arbeidsgjevar, for kva som er tenleg bustad, og ei meir differensiert og dynamisk forvaltning av bustadmassen. Ei overordna drøfting på fordelinga mellom bispedøma bør og vere del av eit slik bilete.

For å kunne sikre ei landsdekkande folkekyrkje er handsaminga av endringar i bustadordninga viktig, men dette er eit svært samansett verkemiddel. Bjørgvin bispedømeråd har ikkje hatt høyring i sokna, men vil meine at det er naudsynt for svært mange sokn å ha ei ordning rundt bustad, for å rekruttere prest.

Kven som eig og korleis ordninga blir administrert finns det ulike moglege modellar for. Det er samstundes ikkje slik at bustadordning i seg sjølv berre verkar rekrutterande. Det å opne for

2. Bispedømerådet ber administrasjonen starte prosess med å redusere tall på beredkapsområde i bispedømmet, i første omgang i Nordfjord prosti.
3. Bjørgvin bispedømeråd ber administrasjonen vurdere å trekke inn ytterligere ei stilling i Hardanger og Voss prosti, og at dette blir sett i samheng med prostiregulering av Midhordland prosti.

Samrøystes vedtak

061/13: Høring - tjenestebolig- og bopliktordningen for prestene

BBDR-061/13 18.09.2013 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

Opprinnelig oppsummering

1. Bjørgvin bispedømeråd vil ikkje støtte ei omlegging av dagens bustadordning. Dette er grunna i manglande tryggleik for at ein får erstatta den med tilsvarende økonomiske verkemiddel.
2. I departementets høyringsnotat viser ein til at løn og andre økonomiske verkemiddel i større grad burde nyttast i dette biletet. I kva grad dette skal skje innanfor dei rammer ein har, eller ved at ein gjev bispedømeråda betre handlingsrom til dette er uklart. Bjørgvin bispedømeråd vil være tydeleg på at ei avvikling, heilt eller gradvis, utan at ein får kompensert med økonomiske verkemiddel, vil bli kritisk for rekruttering på kort og lang sikt. Sjølv om ordninga har mange ulemper, er den betre enn inga ordning i det heile.
3. Verdien av ordninga blir forvalta av ein tredjepart, departementet spør om bispedømerådet kunne tenkast å forvalte ordninga, dette er det vanskeleg å kunne konkludere fullt ut på noverande tidspunkt, men vi vil ønskje ei betre påverking av målstyringa av midlane i ordninga. Ein reduksjon av tal på bustader vil ein støtte for å styrke at ordninga kan være berekraftig. Det krev at bispedøma må kunne være med å styre mellom kvar ein reduserer tal på bustader, og kvar ein vil prioritere bustader.
4. Bjørgvin bispedøme har mange distriktssokn som vil trenge ei ordning knytt til bustad for å kunne rekruttere prestar. Vi vil meine at nokre prosti ikkje treng tenestebustadar, eventuelt eit avgrensa tal bustader, mens det i andre prosti vil være kritisk utan. På same måte vil vi meine det er mellom bispedøma. Ein gjennomgang av kvar det er naudsynt med tenestebustad vil måtte gjerast basert på kriterier knytt til rekruttering.
5. I kva grad det er prestar si oppgåve å ivareta «kulturhistoriske bygningar» er ein usikker på. Bispedømmet sitt blick på kvar det skal være tilbød om bustad må være opp mot utfordringar knytt til rekruttering. Det vil ikkje være ønskeleg å endre OVF sitt føremål i GL § 106 i retning av å ivareta «kulturhistoriske bygningar».

Forslag frå Ivar Braut

Bjørgvin bdr vil i hovudsak gje støtte til Departementet sitt forslag til endring i bupliktordninga. Vi meiner at utgreiinga gir ein nyansert og nøktern gjennomgang og kjem fram til ein konklusjon vi støtter.

Bjørgvin bdr har likevel ei vesentleg innvending:

Med bakgrunn i rekrutteringsbehov er det truleg underkommunisert i utgreiinga at det framleis vil vera behov for å stilla eit tal rimelege husvære til disposisjon i ein del prosti i utkantane. Likeeins bør ein for dei største byane vurdere eit mindre tal tenestebustader der prisnivået er høgast. Det vil truleg vera nødvendig for å for å rekruttera yngre søkjarar. Vi har elles sans for at ein del kulturhistorisk viktige prestebustader blir tatt godt vare på ved at dei er i kyrkjeleg bruk framfor å bli seld på den opne marknaden. Vi legg vekt på at ei ordning med kulturhistoriske bustader synleggjer banda mellom kyrkje og folk. Bustadene

minner om historiske røter og får samstundes fram at presten også i dag er ein offentlig person. Med eit samla tal mellom 100 og 150 kulturhistoriske bustader vil ordninga også fungera som eit alternativ for søkjarar som har høve til eller vil prioritera å bu i tenestebustad.

Votering: Fekk 2 stemmer

I drøftinga framkom følgjande forslag

1. Bjørgvin bispedømeråd kan ikkje støtte ei omlegging av dagens bustadordning utan at den blir erstatta med tilsvarande økonomiske verkemiddel.
2. Med bakgrunn i rekrutteringsbehov er det truleg underkommunisert i utgreiinga at det framleis vil vera behov for å stilla eit tal rimelege husvære til disposisjon i ein del prosti i utkantane. *Der det er endringar i bupliktordninga vil det bli naudsynt med omfattande kompensasjonsordningar der det blir endringar.* Likeeins bør ein for dei største byane vurdere eit mindre tal tenestebustader der prisnivået er høgast. Det vil truleg vera nødvendig for å for å rekruttera yngre søkjarar.
3. Vi har elles sans for at ein del kulturhistorisk viktige prestebustader blir tatt godt vare på ved at dei er i kyrkjeleg bruk framfor å bli seld på den opne marknaden. Vi legg vekt på at ei ordning med kulturhistoriske bustader synleggjer banda mellom kyrkje og folk. Bustadene minner om historiske røter og får samstundes fram at presten også i dag er ein offentlig person. Med eit samla tal mellom 100 og 150 kulturhistoriske bustader vil ordninga også fungera som eit alternativ for søkjarar som har høve til eller vil prioritera å bu i tenestebustad

Alternativ versjon 2 av punkt 1:

1. Bjørgvin bispedømeråd vil ikkje støtte ei omlegging av dagens bustadordning. Dersom det det blir ei omlegging vil denne måtte bli erstatta med tilsvarande økonomiske verkemiddel.

Punktvis avstemming punkt 1: Versjon 1: 5 stemmer. Versjon 2: 4 stemmer.

Punktvis avstemming punkt 2: Samrøystes

Punktvis avstemming punkt 3: Samrøystes

Bjørgvin bispedømeråd sitt vedtak lyder då:

1. Bjørgvin bispedømeråd kan ikkje støtte ei omlegging av dagens bustadordning utan at den blir erstatta med tilsvarande økonomiske verkemiddel.
2. Med bakgrunn i rekrutteringsbehov er det truleg underkommunisert i utgreiinga at det framleis vil vera behov for å stilla eit tal rimelege husvære til disposisjon i ein del prosti i utkantane. *Der det er endringar i bupliktordninga vil det bli naudsynt med omfattande kompensasjonsordningar der det blir endringar.* Likeeins bør ein for dei største byane vurdere eit mindre tal tenestebustader der prisnivået er høgast. Det vil truleg vera nødvendig for å for å rekruttera yngre søkjarar.

Vi har elles sans for at ein del kulturhistorisk viktige prestebustader blir tatt godt vare på ved at dei er i kyrkjeleg bruk framfor å bli seld på den opne marknaden. Vi legg vekt på at ei ordning med kulturhistoriske bustader synleggjer banda mellom kyrkje og folk. Bustadene minner om historiske røter og får samstundes fram at presten også i dag er ein offentlig person. Med eit samla tal mellom 100 og 150 kulturhistoriske bustader vil ordninga også fungera som eit alternativ for søkjarar som har høve til eller vil prioritera å bu i tenestebustad